



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Finansdepartementet
Postboks 8008 DEP
0030 OSLO

Dykkar ref.
13/4660

Vår ref.
14/543 - GRK

Dato
26.03.2014

Høyring - innstrammingar i reglane om offentlege skattelister

Vi viser til Finansdepartementets høyringsbrev av 24. januar 2014.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

Gjeldande ordning for innsyn i skattelister utgjer eit meir ope system enn i dei fleste andre land, og ei slik innstramming som høyringsnotatet foreslår, vil ikkje vere i strid med Noreg sine internasjonale forpliktingar.

I utkastet til likningslova § 8-8 nr. 3 andre ledd nytt tredje punktum er det sagt at når opplysningar blir gjevne til «andre» etter andre punktum, skal den skattytaren opplysningane gjeld, ha tilgang til informasjon om kven som har fått opplysningane utlevert. Dette kan skape problem for forskingsprosjekt. I mange tilfelle vil det vera viktig for forskarar at opplysningar om forskingsprosjekta deira ikkje blir kjende, særleg i den innleiande fasen av prosjekta. Forskingsidear, planar for gjennomføringa av forskingsprosjekt osv. kan utnyttast av andre, og slike prosjekt vil i den innleiande fasen ofte ikkje ha noka form for opphavsrettsleg vern eller liknande. Likevel vil forskingsprosjekta kunne bli svært viktige etter kvart. Dette er bakgrunnen for at det i mange tilfelle kan gjerast unntak frå innsyn for opplysningar om forskingsidear og forskingsprosjekt både ved allmenninnsyn (offentleglova § 26 fjerde ledd) og partsinnsyn (forvaltningslova § 19 fyrste ledd bokstav c). Forskarar kan på visse vilkår òg få tilgang til informasjon som er omfatta av teieplikt, jf. forvaltningslova §§ 13 d og 13 e. Dersom forskarar har behov for opplysningar frå skattelista, vil framlegget til lovendring derimot føre til at dette blir kjent for dei skattytarane det gjeld, noko som kan medføre fare for forskingsprosjekta. Vi tilrår difor at det bør fastsetjast at det er

høve til å levere ut opplysningar frå skattelista til forskarar, utan at skattytar får tilgang til informasjon om kven som har fått opplysningane. Det kan eventuelt fastsetjast at det kan setjast vilkår for korleis forskaren kan bruke materialet, jf. forvaltningslova §§ 13 d og 13 e.

Det kunne vidare vera ynskjeleg at faren for omgåing av dei foreslåtte reglane vart nærare vurdert. Dette kan til dømes vera aktuelt ved at tredjepersonar på kommersielt eller ikkje-kommersielt grunnlag tilbyr tenester som enkelt gjev tilgang til opplysningar i skattelistene, utan at identiteten til dei reelt interesserte personane blir avdekt.

Med vennleg helsing


Bente Kraugerud
avdelingsdirektør


Grethe Kleivan
avdelingsdirektør